



Bremanger
kommune

Bremanger.kommune.no
Retningslinjer for kommunalt bustadtilskot i
Bremanger kommune



Retningslinjer for kommunalt bustadtilskot i Bremanger kommune

Vedteke i kommunestyret 17.12.2024,
sak KST-096/24

For å skape vekst og utvikling treng vi tilflytting. Kommunen må bli ein meir attraktiv plass å flytte til, og det må verte meir attraktivt å bli verande her.

–Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021–2033



Innholdsliste

Føremål	4
Tilskotet	4
Målgruppe	4
Føresetnader for tilskot	5
Avgrensingar	5
Utbetaling av tilskot	5
Sakshandsaming	6
Iverksetjing	6
Rapportering	6
Revidering/avvikling av ordninga	6



Føremål

Tilskotsordninga skal stimulere til rekruttering og tilflytting til Bremanger kommune.

Tilskotet

Bustadtilskotet er på kr. 200 000,- og kan gå til:

- Bygging av heilårsbustad.
- Kjøp av heilårsbustad/-leilegheit.

Målgruppe

Bustadtilskot kan tildelast alle privatpersonar under 50 år som ønskjer å busetje seg i Bremanger kommune.

Føresetnader for tilskot

Den som mottek tilskotet må:

- Vere eigar av bustaden.
- Busetje seg i bustaden, og stå med folkeregistrert adresse i Bremanger kommune.
- Vere førstegongsetablerar i Bremanger kommune.

Tilskotet vert gjeve med pant i bustaden, og vert nedskrive med 20 % kvart år. Dersom bustaden vert seld eller fråflytta innan 5 år frå motteke tilskot må del av tilskot som ikkje er nedskrive betalast tilbake.

Avgrensingar

- Bustaden skal ikkje nyttast til næring eller kortidsutleige som Airbnb og liknande.
- Ein husstand kan kun få tilskot ein gong.
- Ved tilskot til bygging av bustad må bygginga vere begynt innan 1 år etter innvilga tilskot. Dersom ikkje, fell tilskotet bort.
- Det vert ikkje gjeve nytt tilskot til nybygg etter brann eller anna form for skade som blir dekkja av forsikringar.

Utbetaling av tilskot

Utbetaling av tilskotet skjer etter:

- Framlagt ferdigattest for nybygg.
- Tinglyst kjøpekontrakt av bustad/leilegheit.

Søklar må vere registrert busett i kommunen ved utbetaling av tilskotet.

Sakshandsaming

Søknader vert avgjort av kommunedirektøren, med klagenemnda som klageinstans.

Iverksetjing

Ordninga gjeld for:

- Nybygg med søknad om byggeløyve datert etter 01.01.2024.
- Kjøp av hus/leilegheit med heimelsoverføring etter 01.01.2024.

Rapportering

Bruk av ordninga skal rapporterast i samband med ordinær økonomirapportering i tertialrapportar og årsmelding.

Revidering/avvikling av ordninga

Kommunen kan etter vedtak i kommunestyret endre eller avskaffe ordninga. Dette skal varslast i god tid, minimum eitt år før endringa trer i kraft.



**Bremanger
kommune**